



Årsplan for Gjerdane barnehage

2017-18



Spesiell del

Samarbeidsutvalet for Gjerdane barnehage

Saks nr:

Dato: 16.11.2017

Versjon: 1

Innleiing:

Denne planen er ein del av Gjerdane barnehage sin årsplan frå 2017-2020.

Årsplanen vår er todelt; ein generell del, med mykje info om barnehagen og måten vi jobbar på, og ein spesiell del, som inneholder meir konkrete planar for dette barnehageåret og den barnegruppa vi har no.

Begge delane kan ein finne på nettsida vår, gjerdane.barnehageside.no, eller få den utdelt i papirform frå barnehagen.

I barnegruppa har vi i år 47 barn i alderen 1-6 år, fordelt på dei tre avdelingane Gullfisen, Marihøna og Sommarfuglen.

Eid kommune er, i lag med dei andre Nordfjordkommunane, blitt ein del av prosjektet Språkkommuner. Dette innebærer ei kompetanseheving innan barnehagefeltet på språk og språkutvikling, noko som i andre rekke vil føre til meir fokus på språk og kome barna til gode i arbeidet vi gjer i barnehagen. Arbeid med språk koblar vi til dei andre fagområda i Rammeplanen, slik at det blir ein naturleg del av kvardagen vår. Kvardagsituasjonar som t.d. måltid og leik er også gode arenaer for å jobbe med språk.

Vi jobbar og med språk i kvalitetsutviklingsprogrammet Beste praksis.

De kan lese meir om korleis avdelingane tenkjer å jobbe med dei ulike fagområda under kvar avdeling sin del i årsplanen.

Dersom de som foreldre har ønskjer, innspel eller spørsmål til korleis vi jobbar her i barnehagen, set vi stor pris på at de gir tilbakemelding til oss i barnehagen.

Vil med dette ønskje alle eit godt og innhaldsrikt barnehageår!

Tove Hanebrekke Starheimsvik
Styrar

Kontaktinfo:

Gjerdane barnehage
Fossevegen 2
6770 Nordfjordeid
Tlf 95864013
gb@eid.kommune.no

□

Gullfisen	97128473
Marihøna	97116735
Sommarfuglen	97077313

Opningstider

Barnehagen er open frå 6.45 til 17.00 alle kvardagar. Barnehagen er stengd i påskeveka, julafta, romjula og nyttårsafta.

Planleggingsdagar dette året:

15. august

9. og 10. oktober

2. januar

11. mai



Barnehageplassar:

Samansetjing av barnegruppa vert gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår. Vedtekten for opptak står i vedtekten for barnehagane i Eid kommune.

Oppseiing av barnehageplass må gjerast frå 1. eller 15. i kvar månad. Når barna skal over i skulen, må barnehageplassen seiast opp. Oppseiingstida er 1 månad.



Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kva rolle og oppgåver foreldreråd og samarbeidsutval har, kan de lese om i den generelle delen av årsplanen.

Representantar i samarbeidsutvalet og verneombod dette barnehageåret er:

Foreldra:

- Leiar: Else Marit Hatledal
- Vara: Ove Hjelle
- Nestleiar: Solveig Seljen Melby
- Vara: Tor Helge Rasmussen

Eid kommune:

Sekretær:

Verneombod:

Personale:

- Laila Dahlgren
Vara: Mette Hjelle
Marte Starheimsæter
Vara: Haldis L. Nesbakk
Stein Inge Torheim
Tove H. Starheimsvik
Elna Aaning Olsen

Organisering av kvardagen

Dagsrytmen i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet. Det vil likevel vere litt variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

Hovedmåltidet har vi kl 11.30 på alle 3 avdelingane. Her dekker vi på bordet med variert utval av pålegg, og barna smører maten sin sjølv. Mange klarer det heilt åleine, medan andre må ha litt hjelp og støtte frå ein vaksen.

Rundt kl. 14 får barna fruktmåltid, og skive eller knekkebrød etter behov.

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei av avdelingane som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som er personale på. Vi samlast og på ei avdeling med dei barna som er igjen frå 16.30 til 17.00.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30-14.00. I denne tida har vi det meste av planlagde og frie aktivitetar. Det er viktig at de gir beskjed om barna kjem seinare enn 9.30, slik at vi kan styre aktivitetane utifrå det.



GULLFISKEN

Barnegruppa:

Vi er 10 barn på Gullfisen i år; 5 jenter og 5 gutter.

6 barn født i 2015: Rasmus, Nikolai, Amalie, Angelica, Fatima og Maria

4 barn født i 2016: Erik, Samuel, Silje og Bassem



Personalgruppa:

Sissel Høynes, pedagogisk leiar 80%
Marte Starheimsæter, pedagogisk leiar 20%
Marry-Ann Vambeseth, assistent 80%
Elna Aaning Olsen, fagarbeidare 60%
Haldis Lindset Nesbakk, fagarbeidare 40%
Brit Moheim, assistent 40%
Warda Al Rfai, språkpraksis 20%

Tilknyting og trygghet i barnehagen

Når barna er i barnehagen er det viktig for oss at dei kjenner seg trygge og kan knyte seg til dei vaksne på avdelinga. Leik og læring, og gode vennskap er lettare å få til når barna er trygge og finn ro i barnehagen.

På Gullfisen prøvar vi vaksne å vere mest muleg på golvet ilag med barna. Då er vi lett tilgjengelege for å gje oppmuntring til utforsking og leik, eller til å trøste om det er nødvendig. Vi kan lett ta del i leik, eller lese bøker ilag med barna, eller berre det å ha eit godt fang å sitte på/kvile på ei stund.

Gode rutinar er også med på å gje trygghet i barnehagekvardagen. Vi brukar tid på å få på plass gode rutinar i dei ulike rutinesituasjonane i løpet av dagen. Det kan vere i situasjonar som av- og påkledning, handvask, do og pottetrening, måltid og kviling.

Språk og språkstimulering



På Gullfisen jobbar vi med språkstimulering på mange måtar. Vi legg vekt på å samtale med barna i mange ulike situasjonar; på tur, i leik, ved måltidet, når vi bytter bleie, når vi les bøker. Vi prøvar å vere gode lyttarar, og bygger vidare på det barna fortel, og vere engasjerte og interesserte.

Vi kommentera det vi ser, set ord på det vi gjer og forklarar oss gjennom dagen. Lesing, song, rim og regler er ein viktig del av kvardagen på Gullfisen. Vi syng mykje både i samlingar, musikkgrupper og i leik.

Alt dette vil vi ta med oss over i dei ulike tema vi har gjennom året.

Tema «Vennskap og fellesskap» August - September - Oktober

- Bli godt kjent med kvarandre. Leike ilag og dele på leikane.
- Få gode felles opplevingar ilag i heile gruppa, og i mindre grupper.

Tema «Mørketid - trafikktryggleik - brannvern» November

- Trafikkbamsen «Tarkus» lærer oss om refleksbruk.
- Brannvern veke med brannøving, og besøk på brannstasjonen.



Tema «Advent og førjulstid» Desember

- Vi har julesamlingar der vi syng, og dramatiserer enkle julesongar.
- Bakar litt julekaker, og lagar litt enkle julegåver.
- Nisselfest med nissegraut for heile barnehagen.

Tema «Drama» Januar - februar

- Vi dramatiserer songane «Tornerose» og trollsongen «Tørke støv».
- Eventyr vi vil dramatiserer er «Bukkane Bruse»
- På karnevalet skal vi lage oss trollkostymer, og vise «Tørke støv» songen til dei andre avdelingane.

Tema «Dyre og fugleliv» Mars - April

- Våren er på vei, og vi vil følge med på Skjora som begynner å bygge reir.
- Edderkoppar og mauren kjem fram, og kanskje finn vi rumpetroll på ein tur.
- Vi vil gå på besøk i fjøsen og sjå på lam, og på besøk til nokon som har høner og vaktlar. Kanskje vi får låne ei rugekasse med vaktelegg i eit par veker..

Tema «Kroppen vår» Mai

- Vi set namn på kroppsdelane våre.



- Karius og Baktus hjelper oss med å ha fokus på tenner. Vi går på besøk til tannpleiaren på tannklinikken.

Tema «Sommar og ferietid» Juni - Juli

- Mykje uteleik og turar i nærmiljøet.
- Jonsokfeiring med besøk på sjukeheimen.
- Besøk av nye barn.



SOMMARFUGLEN



Vi er 19 barn på Sommarfuglen.

2012- modellane er: Ari, Sinan, Oddmund, Zeid og Jonas

2013- modellane er: Jenny, Jonas Oliver, Sebastian, Iselin, Karolina, Thea, Synne, Willow og Maren Oline

2014- modellane er: Henrik, Eivind, Syver, Helene og Ådne



Personale som skal vere saman med barna på Sommarfuglen er :

Laila Dahlgren som pedagogisk leiar 80%

Marte Starheimsæter som barnehagelærar/pedagogisk leiar 60%

Doris Stave Kolset som fagarbeider 70%

Mette Nivalsaker Hjelle som fagarbeider 60%

Marry-Ann Vambeseth som assistent 20%

Sandra Åland Ulleland som assistent 20%

I tillegg er Warda Al Rfai i språkpraksis i barnehagen to dagar i veka.



Barnehagen skal også dette barnehageåret ha fokus på språk- og språkstimulerande aktivitetar, og knyter språkarbeidet opp i mot dei ulike tema og aktivitetar vi har i barnehagen.



Gjennom året vil vi følgje årstidene, og sjå og oppleve dei endringane som skjer rundt oss. Vi vil sjå etter endringar som skjer ute i barnehagen og i naturen rundt oss når vi går på tur.

Gjennom barnehageåret kjem vi også til å vere innom ulike tema:

September og Oktober: Vennskap og felleskap

- Ha temasamlingar, bruke familiebøkene, og andre aktuelle bøker
- Basar - Barn i andre land. Lage gevinstar til basaren.



November: Mørketid - trafikktryggleik - brannvern

- Jobbe med Tarkus
- Gå på besøk på brannstasjonen, ha brannøving i barnehagen

Desember: Advent og Jul

- Juleførebuingar - lage litt julegåver/pynt, synge julesongar, julebakst, lucia, nissefest, og juleforteljingar.

Januar og Februar: Drama

- Fortelje og dramatisere ulike eventyr/forteljingar
- Karneval. Lage oss enkle kostymer her i barnehagen.



Mars og April: Fuglar og dyreliv

- Lære oss namn på nokre av dei fuglane vi ser i barnehagen.
- Tur i skogen. Fuglesafari.

- Fjøsbesøk. Lamming. Vi prøver å få til besøk til nokon som har sau og lam i nærleiken av barnehagen.

Mai: Kroppen vår

- Snakke om kva dei ulike delane i kroppen vår heiter.
- Prøve å få til eit besøk av, eller på, tannklinikken, ein fysioterapaut el.
- Lagar til ei spa-samling

Juni, Juli: Sommartid

- Nyte sommaren, vere mykje ute
- Jonsokfeiring. Kle oss ut som brud og brudgom. Besøk på Sjukeheimen.
- Besøk og tilvenning av nye barn



Under dei ulike tema vi er innom og har fokus på kjem vi til å vere innom alle dei ulike fagområda i Rammeplanen.

Vi skal få til turar i nærområdet, og gjere barna kjende med kva vi har i nærområdet rundt barnehagen vår (Golvsgangane barnehage, sjukeheimen, Mehltunet, hestesenteret, operahuset, kyrkjeparken, klatreparken, sagaparken, barneskulen osv.) Vi vil også synge og bruke rim og regler saman med barna.

Marihøna:

Vi er i år 19 barn på Marihøna, 6 jenter og 13 gutter.



Barnegruppa ser slik ut:

Rødkløverar (2012); Jonas, Anna, Isak, Sara, Jenny, Erika, Øyvor Adell, Ibrahim, Yossuf, Aleksander og Amalie

Blåklokker (2013); Harald

Solsikker (2014); Brage, Vinjar, Janek, Matheo, Magnus og Simon

Personalgruppa ser slik ut:

Torill Espelund; Pedagogisk leiar 100%

Bodil Nygård; Assistent 90% (fri fredag i oddetal)

Roger Nygård; Assistent 100%

Brit Moheim; Assistent 40% (jobbar på Mh kvar tysdag og torsdag)

Sandra Ulleland; Assistent/arbeidsplassbasert barnehagelærarutdanning - student (jobbar på Mh fredag i oddetal for Bodil + tilkalling)

Tema som vi skal jobbe med er delt inn i ulike periodar og vil i hovudsak sjå slik ut;

September/oktober; Vennskap/fellesskap og haust

- Vi skal bli trygge i barnehagen og hjelpe barna til å skape gode relasjoner i både leik og anna samvær.
- Vi skal lage plommesaft og eplekake, der barna gjennom dette skal få erfaring med og kunnskap om produksjon av mat.
- Lage hausbilete
- Basar; vi lagar gevinstar og lærer om barn i andre land.



November; Trafikktryggleik/ mørketid og advent

- Vi ser etter endringar i naturen - formingsaktivitetar med naturmateriale.
- Går turar i trafikken og snakkar om korleis vi skal gå, ser på ulike skilt og betydninga av desse.
- Vi besøker Brannstasjonen.
- Tarkus-samlingar (trafikktryggingsprogram).
- Spa-samlingar med fotmassasje for alle.
- Vi startar med juleførebuing på slutten av månaden.

Desember; Jul og juleførebuing.

- Vi skal ha fokus på ei roleg og god førjulstid. Alle barna får lage 2 julegåver.

- Vi skal ha fellessamling kvar dag der vi trekkjer eit julehjarte og formidlar/dramatiserer ei julehistorie.
- Vi kosar oss med julesongar, nisselfest, bakar, og går lucia (rødkl).

Januar; Drama

- Vi går på besök til kunst -og handverklinja ved Eid vidaregåande skule.
- Vi jobbar med polske, norske og arabiske eventyr/historier.
- Lagar islykter dersom det blir kaldt nok.

Februar; Drama og karneval

- Tema for karnevalet er; *Skinnvotten*. Vi lagar oss kostymer basert på dyra som er med i eventyret. Vi dramatiserer eventyret for dei andre avdelingane på karnevalet.
- Dei vaksne dramatiserer «Den lille røde høna» for barna.
- Ski -og akedag i Stigedalen om ver og føre er OK.



Mars; Fuglar og dyreliv

- Går turar og ser etter våreteikn (plantar, dyrespor...)
- Vi plantar tagetes
- Vi utforskar livet til kjøttmeisa og Skjora; Kvar bur dei? Kva lever dei av? Korleis byggjer dei reir? osv....

April; Fuglar, dyreliv og påske


- Vi fortset utforskinga av kjøttmeisa og Skjora. Kanskje dukkar det opp andre spennande fuglar undervegs??
- Eventyret om påskeharen
- Vi besøker «påskeharen» i Smalebruskogen - lyttar til fuglelydar
- Besök til sauefjøs

Mai; Kroppen vår

- Vi teiknar kroppen vår og les/finn ut kva oppgåver dei ulike organa i kroppen vår har. Kva oppgåver har hjartet, lungene og hjernen vår t.d.?
- Besøk til legekontoret/helsestasjonen
- Vi arrangerer idrettsdag på Stadion og legg opp til aktivitetar som gjev positiv sjølvoppfatning gjennom kroppsleg meistring (Rp -13).
- Vi går turar i skogen og nærmiljøet for å få varierte og allsidige bevegelsar og utfordringar.

Juni/juli; Sommartid

- Vi legg opp aktivitetar og turar i forhold til barna sine behov og interesser.
- Kosar oss og nyt forhåpentlegvis varme og gode dagar😊



Førskulegruppa;

Vi er i år 11 Marihøner og 5 Sommarfuglen som skal begynne på skulen i 2018. Vi kjem til å jobbe noko avdelingsvis, men og noko i blanda grupper. Gruppene vil då byte på å ha opplegg i barnehagen og på tur. Marte har ansvar for førskulegruppa på Sommarfuglen og Torill på Marihøna. Alle barna får ein førskuleperm til å samle alt dei har jobba med gjennom året. Denne får dei med seg heim når dei sluttar i barnehagen.

Litt av det vi skal jobbe med i førskulegruppa er;

- Meg sjølv; måle høgd, teikne seg sjølv
- Arbeidsoppgåver; teikne, klippe, lime, lære nye omgrep
- Trafikktryggleik; Tarkus
- Bokstavar og tal; spele spel
- Klokka
- Rim og regler, vitsar og gåter
- Lytte-oppgåver, lytte når andre snakkar
- Øve på å rekke opp handa og vente på tur
- Besøk til skulane
- Sykkeldag

- Overnatting i barnehagen
- Fjellturar

AKTIVITETAR I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Her er ei liste over faste arrangement i barnehageåret:

- Rikskonsert/ andre forestillingar
- Barnehagekino
- Fotografering - gruppe- og portrettbilde 24.10
- Kafe/Basar i tilknyting til FN dagen. Innsamling til fadderbarnet vårt og FORUT. I år er det basar 27.10 kl. 14.30-16.30.
- Lucia-feiring - vi går Lucia opptog på Hogatunet 13.12. Vi bakar Lussekattar til denne dagen.
- Adventstund i Eid kyrkje (barn som har fri kan vere med med følgje av ein voksen.) På denne deltek berre Blåklokkene og Rødkløverane. Resten av barnehagen har fellessamling. 20.12
- Nisselfest med julegraut 19.12. - Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et graut og kanskje kjem nissen????
- Barnehagen sin bursdag 24.januar. Vi feirar med foreldrekaifi frå kl. 14.30. Minikonsert ca. kl.15.15.
- Karneval - I år blir årets karneval inspirert av dramatisering. Barna er med på å lage sitt eige kostyme.
- Show på hestesenteret -Kvart år brukar vi å bli inviterte på show på hestesenteret i regi av hestelinja ved Fjordane folkehøgskule. Dette opplegget er laga rundt ulike tema, og passar best for dei større barna. Vi har difor valt å ha med berre Rødkløverane dit.
- Vårfest - barnehagetog i Eidsgata med påfølgande feiring her i barnehagen. Dette vert ein av siste dagane før 17.mai.
- Jonsok feiring 23.6 - Vi plukkar blomster, kler ut jonsokbrurepar og går på besök til Eid sjukeheim der vi deler ut små blomsterbukettar og syng og underheld dei som bur der. På jonsokfeiringa på sjukeheimen er det Blåklokkene og Gullfiskane som deltek. Feiringa held fram i barnehagen med alle barna, og vi kosar oss med gele.
- Dugnad dersom behov.
- Sommarfest - dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Underholdningsinnslag frå barnehagen. Dei som skal slutte i barnehagen får ei lita overrasking. Kos og grilling etterpå. Nærare beskjed om dato vil kome frå avdelingane.
- Avslutningstur for 6 åringane - Dagstur

Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året, dei vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta. Dette gjeld og utlevering av bursdagsinvitasjonar.



